

# Økonomien i jordbruket på Vestlandet

*Trender og økonomisk utvikling siste tiåret, 1998–2007*

Torbjørn Haukås

Anastasia Olsen

Heidi Knutsen



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

---

<b>Serie</b>	Notat
<b>Redaktør</b>	Agnar Hegrenes
<b>Tittel</b>	Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret, 1998–2007
<b>Forfattere</b>	Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, Heidi Knutsen
<b>Prosjekt</b>	Publisering av distriktstall (D223)
<b>Utgiver</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgiversted</b>	Oslo
<b>Utgivelsesår</b>	2009
<b>Antall sider</b>	88
<b>ISBN</b>	978-82-7077-739-6
<b>ISSN</b>	0805-9691

---

## Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskningene i jord- og skogbruk.
- Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres av Landbruks- og matdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

«Driftsgranskingar i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår ca. 900 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Det er stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Vestlandet. I tillegg er det eit mål for NILF å gjere data frå driftsgranskingane lettare tilgjengelege.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det deltek 168 bruk frå Vestlandet i granskinga, knapt 60 bruk frå kvart fylke. Dei økonomiske dataa i 10-årstrendane i kapittel fire er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktene i tabellsamlinga inneheld beløp i nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Anastasia Olsen og Torbjørn Haukås har skrive notatet. Heidi Knutsen har skreve kapittel fire og har lest og kommentert notatet. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for trykking. I tillegg til lokale tal frå driftsgranskingane inneheld notatet to artiklar: «Eple til press-aktuelt å satse på produksjon i Noreg?» av Torbjørn Haukås og «Næringsaktivitet på små landbrukseiendommar» av Heidi Knutsen.

Oslo, februar 2009  
Ivar Pettersen



# Innhald

---

1	INNLEIING.....	1
2	DRIFTSRESULTATET I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 2007.....	3
3	TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET .....	7
3.1	Resultat i jordbruket.....	7
3.1.1	Driftsoverskot .....	7
3.1.2	Vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta).....	10
3.1.3	Lønsevne per time.....	12
3.1.4	Samanlikning av vestlandsbruka og bruk i heile landet.....	13
3.2	Skogbruket .....	15
3.3	Totaløkonomien på vestlandsbruka.....	16
3.3.1	Nettoinntekt.....	16
3.4	Nettoinvestering .....	18
3.5	Gjeld.....	19
3.6	Soliditet - eigenkapitalprosent.....	20
4	SKATT.....	23
4.1	Jordbruksfrådrag.....	23
4.2	Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta) .....	25
5	EPLER TIL PRESS – AKTUELT Å SATSE PÅ PRODUKSJON I NOREG? .....	29
5.1	Bakgrunn .....	29
5.2	Sortsval og plantemateriale .....	30
5.3	Organisering .....	30
5.4	Nødvendig pris til produsent .....	31
5.5	Konklusjon .....	31
6	NÆRINGSAKTIVITET PÅ SMÅ LANDBRUKSEIGEDOMMAR .....	33
6.1	«Mindre bruk».....	33
6.2	«Landbrukseiendommer som ikke mottar produksjonstilskudd» .....	34
7	TABELLSAMLING 2003–2007 .....	35
	FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA .....	87

# Figurar

Figur 2.1	Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–2007 .....	5
Figur 3.1	Driftsoverskot per bruk for heile landet og Vestlandet.....	8
Figur 3.2	Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet.....	9
Figur 3.3	Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet.....	9
Figur 3.4	Jordbruksinntekt per årsverk for heile landet og Vestlandet .....	10
Figur 3.5	Jordbruksinntekt per årsverk for driftsformene mjølk/ gris, -mjølk/ storfe- kjøt og mjølk/ sau .....	11
Figur 3.6	Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene sau og frukt .....	11
Figur 3.7	Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet.....	12
Figur 3.8	Lønsevne per time for dei ulike driftsformene .....	13
Figur 3.9	Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet.....	16
Figur 3.10	Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet.....	16
Figur 3.11	Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet.....	17
Figur 3.12	Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet .....	18
Figur 3.13	Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk svin, mjølk/storfe, sau og frukt .....	19
Figur 3.14	Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer.....	20
Figur 3.15	Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene.....	21
Figur 4.1	Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for heile landet og Vestlandet .....	25
Figur 4.2	Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for driftsforma mjølk/ storfekjøt.....	26
Figur 4.3	Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for driftsformene mjølk/svin og mjølk/sau .....	26
Figur 4.4	Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for driftsformene sau og frukt.....	27

# Tabellar

Tabell 2.1	Samla oversikt for 2007 .....	5
Tabell 3.1	Mjølk/storfeproduksjon, Vestlandet og landet.....	14
Tabell 3.2	Saueproduksjon på Vestlandet og i heile landet .....	15
Tabell 4.1	Jordbruksfrådrag gruppert etter region .....	23
Tabell 4.2	Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, Vestlandet .....	24
Tabell 4.3	Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik.....	24

# Tabellsamling

Tabell 1	Landsdeltal, Vestlandet .....	36
Tabell 2	Fylkestal, Hordaland .....	39
Tabell 3	Fylkestal, Sogn og Fjordane .....	42
Tabell 4	Fylkestal, Møre og Romsdal .....	45
Tabell 5	Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer .....	48
Tabell 6	Vestlandet, storleiksgruppe II (50–100 daa), alle driftsformer .....	51
Tabell 7	Vestlandet, storleiksgruppe III (100–200 daa), alle driftsformer .....	54
Tabell 8	Vestlandet, storleiksgruppe IV ( 200–300 daa), alle driftsformer.....	57
Tabell 9	Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer .....	60
Tabell 10	Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon.....	63
Tabell 11	Vestlandet, driftsformer, sauehald .....	66
Tabell 12	Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin .....	69
Tabell 13	Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau.....	72
Tabell 14	Vestlandet, driftsformer, frukt.....	75
Tabell 15	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr .....	78
Tabell 16	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr .....	81
Tabell 17	Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe fra og med 20 årskyr.....	84





# 1 Innleiing

---

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)<sup>1</sup> ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og til offentleg politikk og forvaltning.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert om lag 10 prosent av deltakarbruka skifta ut.

I 2007 var det i alt med 902 bruk i driftsgranskingane. Av desse kom 168 bruk frå Vestlandet.

## Oppbygging av notatet

Dette notatet tar for seg den økonomiske utviklinga i jordbruket på Vestlandet dei siste 10 åra med hovudvekt på rekneskapsåret 2007.

Kapittel to inneheld den årlege pressemeldinga for Vestlandet som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2007. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. Fjerde kapittel inneheld informasjon om jordbruksfrådraget og inntektsverknad av dette. Kapittel fem og seks inneheld to korte artiklar frå prosjekt som er gjennomførte ved distriktskontoret i Bergen. I kapittel fem tek vi opp kor aktuelt er det å satse på eple til press i Noreg og i kapittel seks ser vi på næringsaktivitetar på små landbrukseigendomar. Kapittel sju er sjølv tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvar fylke, men for regionen. Alle dei økonomiske dataa i kapittel sju (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

---

<sup>1</sup> NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slått saman med Sekretariatet for Budsjettnemnda i jordbruket



## 2 Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2007

---

### Hovudtendensar:

- Auke i jordbruksinntekta for alle dei vanlege driftsformene
- Størst framgang for bruk med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald
- Framleis høgt investeringsnivå

Jordbruksinntekta til vestlandsbonden auka med 22 prosent frå 2006 til 2007, og var i gjennomsnitt kr 181 800 per årsverk. Det viser den årlege rekneskapsundersøkinga frå Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF).<sup>2</sup>

Jordbruksinntektene, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, auka med 22 prosent frå 2006 til 2007. Mot slutten av 2007 vart det gitt rom for å auke mjølkeproduksjonen med inntil 10 prosent over kvote. Dette gjorde at mange mjølkeprodusentar kunne auke mjølkeproduksjonen sin. Produksjonsauke, auke i mjølk- og kjøtpriisen saman med moderat kostnadsvekst gjorde 2007 til eit godt inntektsår for vestlandsbonden trass i auka renter.

Jordbruksinntektene auka for alle dei vanlege driftsformene på Vestlandet, og var høgast for bruka med kombinasjonen mjølkeproduksjon og svinehald, med kr 230 300 per årsverk. Desse bruka hadde eit relativt dårleg år i 2006, men auka mjølkeproduksjon og gode prisar på mjølk og svinekjøt i 2007 er viktige årsaker til at jordbruksinntekta på desse bruka auka med 55 prosent frå 2006 til 2007.

Driftsgranskingane i jordbruket er basert på eit tilfeldig og representativt utval av 902 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 168 bruk frå Vestlandet; 54 i Hordaland, 55 i Sogn og Fjordane og 59 i Møre og Romsdal. Jordbruksarealet for desse bruka var i middel 212 dekar, 8 dekar meir enn i 2006. Jordbrukskapitalen var i middel per bruk kr 1 503 000.

Mjølkeproduksjon har gjennom mange år vore basisen for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. Etter stagnasjon i jordbruksinntektene i fleire år, auka jordbruksinntektene for mjølkeprodusentane frå 2006 til 2007. Mjølkeproduksjonen auka med 10 prosent frå 2006 til 2007, og mjølkeprisen auka med 25 øre til kr 3,71 per liter. Det var også ein liten auke i kjøtproduksjonen, og prisane på storfekjøt auka med kr 1,42 per kg. I alt auka produksjonsinntektene frå husdyrprodukt med 17 prosent. Også kostnadene auka, variable kostnader med 9 prosent og faste kostnader med 10 prosent. Sjølv om rentekostnadene auka i 2007, vart jordbruksinntektene auka med 21 prosent, til kr 196 600 per årsverk. Arbeidsinnsatsen var om lag uendra frå 2006 til 2007. Mjølkebruket hadde i middel 252 dekar jord, 18,2 årskyr og ein mjølkekvote på 113 200 liter.

Etter eit relativt dårleg år i 2006, hadde bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald eit godt år i 2007, og det var desse bruka som hadde høgast jordbruksinntekt av bruka på Vestlandet i 2007 med kr 230 300 per årsverk. Det var ein auke på

---

<sup>2</sup> Dette kapitlet er lik den pressemeldinga (lang versjon) som NILF sende ut i desember 2008 om resultatet av driftsgranskingane for Vestlandet i 2007. Pressemeldinga vart sendt ut samtidig med at resultatata for heile landet vart offentleggjort.

55 prosent frå 2006. Driftsforma omfatta i 2007 14 bruk med eit produksjonsomfang på 17,8 årskyr, 29,4 purker, 594 salbare smågris og 22 500 kg slaktegris.

Også sauebruka på Vestlandet fekk auka jordbruksinntektene i 2007. Produksjonsomfanget var om lag uendra frå 2006, men gode prisar på sau- og lammekjøt gjorde at produksjonsinntektene auka. I alt auka jordbruksinntekta med 9 prosent, til kr 97 800 per årsverk. Sauebruka hadde 101 vinterfôra sauer i snitt.

Etter eit godt år i 2006, vart det nedgang i driftsoverskotet for fruktprodusentane i 2007. Høge prisar på produkta var ikkje nok til å vege opp for moderate avlingar. Arbeidsinnsatsen vart redusert med 18 prosent, jordbruksinntekta auka derfor med 4 prosent frå 2006 til 2007, til kr 175 900 per årsverk.

Nettoinvesteringane på gjennomsnittsbuket på Vestlandet var i 2007 på kr 48 700. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på egedelar i løpet av året.

Samla gjeld har auka med 4 prosent frå 2006, og utgjorde i 2007 kr 1 194 000 for det gjennomsnittlige deltakarbruket på Vestlandet. Gjeldsprosenten vart redusert frå 41 prosent til 38 prosent.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 42 prosent av familien sine samla inntekter i 2007, anna næring med utgangspunkt i bruket sine ressursar utgjorde 4 prosent og lønsinntekt 44 prosent. Resten, 10 prosent av dei samla inntektene, er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter. I 2007 auka driftsoverskotet frå jordbruket sin samla del av totalinntekta med 3 prosentpoeng frå 2006, medan delen frå lønsinntekt var den same som i 2006 og bidraget frå anna næring, pensjonar m.m. gjekk ned.

Maksimalt jordbruksfrådrag auka med kr 70 500 i frå 2006 til 2007, til kr 142 000. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattejusterte jordbruksinntekta i 2007 kr 205 800 i gjennomsnitt per årsverk for bruka frå Vestlandet. Det er ein auke på 26 prosent frå 2006. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla frå driftsgranskingane.

Alle dei presenterte resultatata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 168 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.


Tabell 2.1 Samla oversikt for 2007

	Tal bruk	Gj. areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk		Skattekorrigert vederlag	
			2006	2007	2006	2007	2006	2007
Vestlandet, alle	168	212	211 400	266 300	148 600	181 800	162 800	205 800
Bruk < 50 dekar	10	36	130 200	146 400	110 700	151 900	124 100	173 600
« 50 - 100 dekar	21	73	159 100	161 200	152 600	158 300	165 800	181 100
« 100-200 dekar	68	156	198 400	221 100	152 900	176 800	168 100	202 400
« 200-300 dekar	35	242	206 300	313 200	137 900	183 800	151 900	208 400
« 300-500 dekar	29	362	304 000	386 500	154 000	198 000	166 700	220 600
Mjølkeproduksjon	67	252	247 900	309 200	162 100	196 600	177 600	221 600
Mjølksauhold	24	258	198 900	286 400	129 200	162 900	142 700	184 900
Mjølksvinehold	14	227	312 600	536 400	148 300	230 300	161 200	253 700
Sauhold	19	160	70 600	82 700	89 400	97 800	104 700	120 400
Frukt m/sau	20	56	195 300	183 200	168 500	175 900	182 300	199 200
Mjølke Hordaland	14	203	200 500	271 800	139 500	188 700	152 800	210 300
Mjølke Sogn og Fjordane	17	197	217 500	273 900	158 700	200 900	173 500	229 800
Mjølke Møre og Romsdal	35	300	282 800	343 300	171 200	196 500	186 300	221 000

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på egenkapitalen

Utvikling i jordbruksinntekt for Vestlandet, 1975 - 2007



Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–2007



## 3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

---

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 1998 til og med 2007. Materialet er gruppert etter region, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små, og for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på einskilde bruk gje utslag på resultatata.

Alle resultatata i dette kapittelet er omrekna til 2007-kroner etter konsumprisindeksen.

### 3.1 Resultat i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.<sup>3</sup>

#### 3.1.1 Driftsoverskot


Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader per bruk. Driftsoverskotet skal betaling for familiens arbeid i jordbruket og gje vederlag til både eigen og lånt kapital.

Utviklinga for Vestlandet har følgd same trenden som resten av landet. I 2007 auka gjennomsnittleg driftsoverskot på Vestlandet med 25 prosent. Auken var omlag på same nivå som for resten av landet. Auka produksjon og høgare prisar på viktige produkt som mjølk, kjøt (storfe, svin og sau) og smågris er hovudårsaka til inntektsveksten. Prisauken for desse husdyrprodukta var mellom 5 og 17 prosent. Produksjonsinntektene auka med 10 prosent frå 2006 til 2007, medan det var ein moderat kostnadsvekst på 5 prosent. Årsaka til høgare prisar var både auke i målprisen og den spesielle marknadssituasjonen i deler av 2007. Det var underdekning på mange produkt i marknaden både i Noreg og i Europa, noko som medførte at det vart råd til å ta ut målpris på mange produkt. Underdekning på mjølk i deler av 2007 førte til at mjølkebøndene fekk høve til å produsere opp til 10 prosent over mjølkekvoten sin. Dessutan vedtok Landbruks- og matdepartementet å endre kvoteåret frå å følgje kalenderåret til å starte 1.3.2007. Denne endringa gjorde at produsentar som elles ville trappa ned produksjonen for å unngå å produsere over kvoten, kunne oppretthalde produksjon ut kalenderåret. Dette har medført auke i mjølkeproduksjonen for alle driftsformer med mjølk og høgare mjølkepris. Også kjøtprisen auka på grunn av mangel på kjøt deler av året, og gav høve til å ta ut målprisar for dei fleste kjøtsluga. Skilnaden i driftsoverskot mellom Vestlandet og resten av landet auka frå kr 11 000 til kr 16 000 frå 2006 til 2007. Viktigaste årsaka til dette er at bruka med størst volum får best effekt av høgare prisnivå på produkta. Vestlandsbruka er i gjennomsnitt noko mindre enn gjennomsnitt for landet.

For Vestlandet har driftsoverskotet halde seg jamt i overkant av kr 200 000 gjennom perioden, figur 3.1. Lågast driftsoverskot var det i 1999 med kr 191 000, medan i 2007 var eit rekordår med det beste resultatet i løpet av tiåret med kr 266 000.

---

<sup>3</sup> Sjå forklaringa på faguttrykk bakerst i notatet.



Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk for heile landet og Vestlandet


Blant dei presenterte driftsformene kjem kombinasjon mjølk og svin best ut i 2007. Med ein auke i driftsoverskotet på 41 prosent i høve til 2006 til kr 536 400, har driftsforma det klart beste resultatet i tiårsperioden (figur 3.2). Bruk med kombinasjonen mjølk og svin er relativt store bruk med 227 dekar innmark i middel, og med eit produksjonsomfang i middel på 17,8 årskyr, 29 purker og 300 slaktegrisar

Mjølkeproduksjon kombinert med storfekjøtt er den største driftsforma på Vestlandet. Driftsforma viser i 2007 det beste resultatet gjennom dei siste 10 åra. Gjennomsnittleg driftsoverskot var på kr 309 000, og det utgjer ein auke på 20 prosent frå 2006.

Økonomisk resultat på fruktbruk varierer mykje frå år til år. 2006 var eit godt år med høge avlingar, i 2007 var avlingane lågare, og det førte til ein nedgang i driftsoverskotet. Gjennomsnittleg driftsoverskot i 2007 låg på kr 183 000 som er 7 prosent mindre enn året før.


Sauehald held fram trenden frå dei siste 5 åra med ein svak auke i driftsoverskot på Vestlandet som i resten av landet. Hovudårsaka til auken var vesentleg auke i prisar på sau- og lammekjøtt samtidig som produksjonsomfanget var om lag det same som året før.





Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet

Driftsoverskotet for ulike storleiksgrupper varierer (figur 3.3). Dei største bruka fekk best utbytte av pris- og volumauke i 2007. Derfor hadde bruka i gruppene 200–300 daa og over 300 daa størst auke i driftsoverskot i 2007, høvesvis 21 og 34 prosent. I desse gruppene er det eit stort innslag av mjølk og svinehald. Trass i at bruka med areal under 50 dekar i hovudsak er bruk med fruktproduksjon og mindre saueprodusentar, hadde dei ein auke i gjennomsnittleg driftsoverskot på 10 prosent. Gruppene 50–100 daa og 100–200 daa hadde ein mindre auke i driftsoverskotet. I desse gruppene dominerer sauehald og mindre mjølkeprodusentar.




Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet

### 3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)

Jordbruksinntekta er her definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til forrenting av eigenkapitalen.

Figur 3.4 viser jordbruksinntektene per årsverk i middel for heile landet og for Vestlandet. For Vestlandet ligg snittet mellom kr 140 000 og 180 000 gjennom perioden. I 2007 var jordbruksinntektene per årsverk på kr 182 000, og det er det beste resultatet gjennom tiårsperioden. Gjennomsnittet for Vestlandet har hatt same utvikling som landet elles gjennom heile perioden, men har lege om lag kr 20 000 per årsverk under landsgjennomsnittet. Dette kan forklarast med mindre produksjonseiningar på Vestlandet.




Figur 3.4 Jordbruksinntekt per årsverk for heile landet og Vestlandet

Kraftig auke i produksjonsinntektene og moderat kostnadsauke medverka til kraftig auke i jordbruksinntekt. Det var eit godt år for alle driftsformer på Vestlandet, og størst auke var det for bruk med kombinasjonen mjølk/svin med heile kr 80 000 per årsverk. 2007 var et spesielt år på mange måtar. Sjå forklaring i kapittel 3.1.1.

Kombinasjon mjølk/sau ga lågast jordbruksinntekt av samanlikna med andre bruk med mjølkeproduksjon. Svak økonomi i sauehaldet forklarar dette.


Ein del av den store auken i alle resultatata frå 2006 skuldast delvis at 2006 vart eit svakt økonomisk år for vestlandsjordbruket.



Figur 3.5 Jordbruksinntekt per årsverk for driftsformene mjølk/ gris, -mjølk/ storfekjøtt og mjølk/ sau

Fruktavlingane varierer mykje mellom år. Veksling er ofte eit problem i frukt-næringa. 2007 var eit moderat avlingsår for frukt, medan prisane var relativt høge. Arbeidsinnsatsen, mellom anna til høsting, vart redusert i 2007. Jordbruksinntekt per årsverk auka derfor frå 2006 til 2007 sjølv om driftsoverskotet vert redusert.

Dei reine sauebruka har den lågaste jordbruksinntekta blant dei presenterte driftsformene. Trass svak økonomi i sauehaldet har jordbruksinntekta auka jamt dei siste åra (figur 3.6). Resultatet per årsverk er i 2007 om lag det same som i 1998 målt i faste kroner. Det skuldast i hovudsak auke i priser på sau- og lammekjøtt. .




Figur 3.6 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene sau og frukt

### 3.1.3 Lønsevne per time


Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering. Kapitalgodtgjering i 2007 var 5 prosent mot 4 prosent i 2006.

Lønsevna per time for vestlandsbruka var i 2007 på kr 83,00 (figur 3.7). Det var ein auke på over ti kroner per time frå 2006, og igjen det beste resultatet dei siste 10 åra. Trass i renteauke frå 2006, auka lønsevne per time med 16 %. Inntektsauken var altså større enn renteauken. Vestlandet har hatt same utviklinga som resten av landet gjennom tiåret, men nivået på Vestlandet ligg også her noko under landsgjennomsnittet.



Figur 3.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet

Også for lønsevne viser kombinasjon mjølk og svin best resultat, ikkje berre for dei siste 10 åra, men gruppa har også størst auke i resultatet frå 2006 til 2007. Lønsevne per time for driftsforma auka med kr 46, og låg i 2007 på kr 106 per time. Lønsevne per time for sauehald og fruktprodusentar låg i 2007 på same nivå som året før, høvesvis kr 41 og kr 86 per time. Figur 3.8 viser utviklinga i lønsevne per time for dei ulike driftsformene.



Figur 3.8 Lønsevne per time for dei ulike driftsformene

### 3.1.4 Samanlikning av vestlandsbruka og bruk i heile landet

Det kan vere interessant å sjå kva som skil Vestlandsbruk frå bruk elles i landet. I tabellane under har vi valt å sjå på produksjonsformene mjølk/storfekjøtt og sau, og samanlikna dei med tilsvarende produksjon i heile landet for året 2007.

Det er lite som skil mjølkebruka på Vestlandet frå mjølkebruka elles i landet, sjå Tabell 3.1. Vestlandsbruka er noko mindre, har mindre mjølkekvote og omset mindre storfekjøtt. Mindre kjøttproduksjon kan forklarast med at vestlandsbonden har mindre areal, og dermed mindre høve til kjøttproduksjon i forhold til storleik på kvote. Dei er elles like produktive og effektive som mjølkeprodusentane i resten av landet.

Mjølkeprisen på Vestlandet ligg 9 øre per liter under landsgjennomsnittet. I utgangspunktet er det lik pris til produsent over heile landet. Kvalitetsmessig er vestlandsmjølka over gjennomsnittet. Det som er mest sannsynleg forklaring på prisskilnaden, er sesongvariasjonar i prisen. I 2007 vart det betalt 80 øre meir per liter for sommarmjølke. Likevel er det berre ein liten del av produsentane som har beiteareal som gjer mjølkeproduksjon om sommaren interessant. Proteininnhaldet i vestlandsmjølka er også litt lågare enn snittet, noko som verkar inn på mjølkeprisen.

**Tabell 3.1 Mjølkestorfeproduksjon, Vestlandet og landet**

<b>Mjølkestorfe</b>	<b>Vestlandet</b>	<b>Heile landet</b>
<i>Tal bruk</i>	67	365
<i>rskyr</i>	18,2	19,2
Jordbruksareal, daa	252	285
Mjølkekvote	113 242	120 010
<i>Timar i jordbruket</i>	3 268	3 430
Timar per arsku	180	179
<i>Produksjon</i>		
Mjølke per arsku, kg	7 023	6 967
Storfekjøtt omsett, kg	3 904	4 557
<i>Prisar</i>		
Mjølke, kr	3,71	3,80
Kukjøtt, kr	30,57	30,75
Anna storfekjøtt, kr	36,23	36,35
<i>Resultatm I</i>		
Driftsoverskot, kr	309 172	323 831
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per arsværk	196 580	199 298
Lønsevne, kr/time	88,92	91,99


Lønsemda i sauehaldet på Vestlandet har vore svak i ei årrekke (tabell 3.2). Mykje av årsaka er at sauebruka på Vestlandet er mindre enn bruka elles i landet. Små og ofte tungdrivne bruk kan forklarar skilnaden i arbeidsforbruk. Vestlandsbruka produserer også mindre kjøtt per vinterfôra sau (v.f.s.) og har færre gagnslam, og til saman gjer dette store utslag på driftsresultatet. For dei bruka som har stort produksjonsomfang, betyr økonomien meir. Dei må drive profesjonelt, og pris, kvalitet og mengde omsett kjøtt betyr mykje meir for desse enn for dei med få dyr. Det er også slik at for dei små bruka vil alternativverdien av arbeidskrafta vere høg. Mange av brukarane i denne gruppa har full jobb ved sida av bruket, og er derfor ikkje så avhengig av jordbruksinntektene.

**Tabell 3.2 Saueproduksjon på Vestlandet og i heile landet**

<b>Sau</b>	<b>Vestlandet</b>	<b>Heile landet</b>
<i>Tal bruk</i>	19	95
<i>Tal vinterf ra sau (v.f.s.)</i>	101	133
Jordbruksareal, daa	159,8	187,4
<i>Timar i jordbruket</i>	1 980	2 223
Timar per v.f.s.	19,6	16,7
<i>Produksjon</i>		
Kjøtt per v.f.s., kg	26	28
Omsett sau- og lammekjøtt, kg	2 467	3 566
Gagnslam per vinterfora sau	1,3	1,4
<i>Prisar</i>		
Sau- og lammekjøtt, kr	34,94	34,27
Ull, kr	33,03	32,48
<i>Resultatm /</i>		
Driftsoverskot, kr	82 650	125 186
Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr per arsverk	97 849	114 902
Lønsevne, kr/time	40,92	53,44

## 3.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. På nokre få bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen er lågt gjennom heile perioden (figur 3.9). I 2007 utgjorde overskotet kr 2 700 per bruk. Trass i at det var ein kraftig auke i forhold til 2006, utgjer driftsoverskot frå skogbruk ein liten del av inntekta på gjennomsnittsbuket på Vestlandet.




Figur 3.9 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet

### 3.3 Totaløkonomien på vestlandsbruka

#### 3.3.1 Nettoinntekt

Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.


Nettoinntekta held fram i ein positiv trend også i 2007. På Vestlandet som i resten av landet, var auken i nettoinntekt vesentleg større enn noko anna år i tiårsperioden. Auken var på heile kr 81 000 for vestlandsbruka og kr 91 000 for heile landet (figur 3.10).



Figur 3.10 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet



Figur 3.11 viser prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien på Vestlandet. Fram til 2006 har driftsoverskotet frå jordbruket utgjort ein stadig mindre del av dei samla inntektene til brukarfamilien, medan bidraget frå løsinntekter har auka. I 2007 fekk vi ei endring i denne trenden. Bidraget frå løsinntekter låg på same nivå som året før, medan driftsoverskotet frå jordbruket auka med 3 prosentpoeng. Det var nedgang i bidraget frå tilleggsnæringar og andre næringar.




Figur 3.11 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet

### 3.4 Nettoinvestering

Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde egedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.


Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering gjennom perioden, med unntak av år 2000 (figur 3.12). Den høgaste nettoinvesteringa var i 2004 med kr 68 500 per bruk i gjennomsnitt. Ein av grunnane til dette var historisk lågt rentenivå i 2004. Renteauken i 2007 dempa investeringslysten litt, og nettoinvesteringa gjekk noko ned på Vestlandet som i resten av landet. Vestlandsbonden hadde i snitt ei nettoinvestering på kr 48 700 per bruk i 2007. Det er ein nedgang på 39 prosent i forhold til 2006. Likevel er dette eit høgt investeringsnivå, noko som tyder på optimisme for framtida.



Figur 3.12 Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet

Bruka med driftsformene mjølk/storfe har stått for mesteparten av nettoinvesteringa dei siste 2 åra. (figur 3.13). Det vart investert mest i driftsbygningar. Strukturendringar saman med nye husdyrforskrifter har no gjort investeringar i bygningar nødvendig. Både kombinasjonen mjølk/svin og sauebruka hadde negativ nettoinvestering i 2007 på høvesvis kr -33 000 og kr -400 per bruk i snitt. Her vart det i hovudsak investert i maskiner og reiskap, men høge avskrivningar på bygningar gjorde at nettoinvesteringa vart negativ.


Bruka med mjølk og svin hadde ein kraftig investeringsperiode rundt årtusenskiftet, noko som gjer at trongen for nye investeringar no er mindre, medan avskrivningane framleis er høge.



Figur 3.13 Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk svin, mjølk/storfe, sau og frukt

### 3.5 Gjeld

Gjeld er her all gjeld til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. I 2007 auka samla gjeld på Vestlandet med knapt kr 40 000. Størst auke (heile 25 %) er det blant saueprodusentane (figur 3.14). Sidan sauebruk hadde negativ nettoinvestering i jordbruksdrifta, skuldast gjeldsauken i hovudsak private investeringar og utskifting av bruk i utvalet. Det er vanlegvis sterk samanheng mellom gjeldsutvikling og nettoinvestering. Mjølkebruka som hadde høgast nettoinvestering, hadde ein auke i gjeld på vel kr 70 000 per bruk, medan kombinasjonen mjølk og svin med negativ nettoinvestering, hadde ein nedgang i gjeld på kr 30 000 i snitt per bruk.



Figur 3.14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer


### 3.6 Soliditet - egenkapitalprosent

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke ulike nøkkeltal for å vise dette, mellom anna egenkapitalprosenten. Den viser kor stor del av egedelane som er finansiert med eigenkapital.

Det er ei vanleg oppfatning at egenkapitalprosenten bør vere over 50. Høg egenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rente på lånt kapital har mykje å seie for kor høg egenkapitalprosenten treng vere. I utrekning av egenkapitalprosent er alle egedelar til brukarfamilien med.

Av driftsformene er det mjøl/svin som har lågast egenkapitalprosent (figur 3.15). Egenkapitalprosent heng godt saman med dei årlege endringane i gjeld og nettoinvestering. Sidan bruk med mjøl/svin ikkje hadde store investeringar i 2007 og gjennomsnittleg gjeld minka, auka egenkapitalprosent med 4 prosentpoeng frå 2006. Driftsforma nærmar seg nå den nedre tilrådde grensa.

Trass i store investeringar og ein auke i gjelda på 6 prosent, auka mjølkebruk eigenkapitalprosent med over tre prosentpoeng. Grunnen ligg i god inntening i jordbruksdrifta på desse bruka i 2007, og der i gjennom styrka eigenkapital.



Figur 3.15 Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene



## 4 Skatt

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektspolitikken i landbruket. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeven til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemd eller driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

### 4.1 Jordbruksfradrag

Jordbruksfrådraget vart innført i 2000. Maksimalt jordbruksfrådrag er auka fleire gonger. Frå 2006 til 2007 vart frådraget nær dobla. For 2007 var følgjande gjeldande: Ved næringsinntekt opp til kr 45 000 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved inntekt frå kr 45 000 og opp til kr 348 125, vart frådraget kr 45 000 pluss 32 prosent av all inntekt over kr 45 000. Maksimalt frådrag som ein kan få, er kr 142 000, då må næringsinntekt vere høgare enn kr 348 125. Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Det vert betalt 28 prosent skatt av resten av inntekta.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle bruka i driftsgranskingane i 2007 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 100 700. For Vestlandet var nivået noko lågare med kr 95 900 i snitt per bruk. Ein del av deltakarane har ikkje oppnådd maksimalt jordbruksfrådrag på grunn av for låg næringsinntekt (tabell 4.1.).

Tabell 4.1 Jordbruksfradrag gruppert etter region

Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maks. fradrag	Tal bruk utan fradrag	Jordbruksfradrag, kroner	Skatte-reduk-sjon	Inntekts-verknad per ars-verk
Austlandet, flatbygder	190	63	18	95 800	26 800	33 300
Austlandet, andre bygder	160	35	11	91 300	25 600	25 000
Jæren	49	24	0	109 800	30 700	23 700
Agder og Rogaland, andre bygder	82	22	1	106 000	29 700	26 600
Vestlandet	168	35	10	95 900	26 900	24 000
Trøndelag flatbygder	68	21	3	99 500	27 900	29 400
Trøndelag, andre bygder	70	28	1	112 200	31 400	26 200
Nord-Noreg	115	46	1	115 000	32 200	29 300
Alle	902	274	45	100 700	28 200	27 200

I tabell 4.2 har vi samanlikna dei driftsformene som er mest utbreidde på Vestlandet: produksjon av mjølk og storfeslakt, sauehald, frukt, kombinert kumjøl/sau og kombinert produksjon av kumjøl og svinekjøt. I gjennomsnitt per deltakarbruk for Vestlandet var jordbruksfrådraget kr 95 900. Det var langt færre bruk som klarte å oppnå maksimalt frådrag i 2007 enn i 2006. Årsaka var at kravet til næringsinntekt for å oppnå maksimalt frådrag, vart auka med 125 200 kr til kr 348 000. Det var også nokre fleire bruk i 2007 enn i 2006 med så låg næringsinntekt at dei ikkje fekk jordbruksfrådrag.

Tabell 4.2 Jordbruksfradrag gruppert etter driftsformer, Vestlandet

Driftsformer	Tal bruk	Tal bruk med maks. fradrag	Tal bruk utan fradrag	Jordbruksfradrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
Mjølkk	67	18	1	106 100	29 700	25 000
Mjølkk/sau	24	4	0	109 700	30 700	22 000
Mjølkk/svin	14	9	0	133 000	37 200	23 400
Sauehald	19	0	3	58 000	16 200	22 600
Frukt	20	1	2	78 800	22 100	23 300
Alle	168	35	10	95 900	26 900	24 000

I gjennomsnitt for driftsgranskingsbruka på Vestlandet var skattereduksjonen for 2007 kr 26 900. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk, med 33 prosent marginals-katt, varierer frå produksjon til produksjon. Den største inntektsverknaden får mjølkebruk med litt over kr 25 000 per årsverk, minst inntektsverknad får bruka som driv med kombinasjon mjølkk/sauehald. Det er likevel svært liten skilnad mellom dei presenterte driftsformene.

I tabell 4.3 har vi sett på korleis bruksstorleik påverkar utnytting av jordbruksfrådraget. Vi kan sjå at Vestlandet har mange små bruk, og dermed låg utnyttingsgrad. Inntektsverknad per årsverk aukar opp til bruk med 200 dekar for deretter å gå ned. Dette skjer fordi frådraget er per bruk. På større bruk med høgare årsverkstal, vil derfor inntektsverknad per årsverk bli redusert.

Tabell 4.3 Jordbruksfradrag gruppert etter bruksstorleik

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. fradrag	Tal bruk utan fradrag	Jordbruksfradrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
0–50	10	0	2	69 000	19 300	21 700
50–100	21	1	2	72 400	20 300	22 800
100–200	68	10	4	90 000	25 200	25 600
200–300	35	10	1	113 000	31 600	24 500
300–500	29	11	1	109 000	30 500	22 600
over 500	5	3	0	133 300	37 300	21 000
Alle	168	35	10	95 900	26 900	24 000




Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget<sup>4</sup>.

## 4.2 Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)


Inntektsverknad av jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke innteninga i landbruket. Dette er også er verkemiddel som ikkje er omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget er gradvis auka sidan starten i 2000. I 2007 vart maksimalt frådrag som nemnt auka frå kr 71 500 til kr 142 000. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget for Vestlandsbonden auka frå kr 14 300 i 2006 til kr 24 000 i 2007, og er med dette blitt ein viktig del av inntektsdanninga i jordbruket.

Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk har auka gradvis i perioden sidan jordbruksfrådraget vart innført, sett i forhold til jordbruksinntekta før skattejustering. Figur 4.1–4.4 viser utviklinga i jordbruksinntekt før skattefrådrag og skattejustert jordbruksinntekt for åra 2000–2007 for alle bruka i driftsgranskingane og alle vestlandsbruka og for nokre driftsformer på Vestlandet.




Figur 4.1 Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for heile landet og Vestlandet


<sup>4</sup> Kilde: Andersen F. *Skatt og merverdiavgift i jordbruket*. NILF-rapport 2008-6, NILF, Oslo



Figur 4.2 Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for driftsforma mjølk/ storfekjøt



Figur 4.3 Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for driftsformene mjølk/svin og mjølk/sau



Figur 4.4 Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for driftsformene sau og frukt



# 5 Eple til press – aktuelt a satse pa produksjon i Noreg?

---

Av Torbjørn Haukås

## 5.1 Bakgrunn<sup>5</sup>

Tradisjonelt har industrien i Noreg nytta norske eple frå konsumproduksjon som råvarer. Det har vore eple som ikkje held klasse 1 kvalitet, eple som er regulerte ut frå marknaden på grunn av for stor produksjon, eller eple av sortar som ein ikkje ønska på konsummarknaden. Dette har medført at konserverindustrien har fått svært ujamn tilførsle av råvarer, og i nokre år har det vore svært liten tilgang på norske industriple. Dette er ikkje tilfredsstillande for industrien. Dessutan er det ønskjeleg å auke innslaget av norske eple i jus og nektar. I 1994 var det om lag 50 prosent norske eple som var nytta av industrien, medan det i dag er mindre enn 10 prosent. Marknaden for industriprodukt basert på eple, har auka vesentleg dei siste åra, og i 2007 var registrert forbruk av konsentrat 8 300 tonn, medan den norske produksjonen var på 550 tonn. Konserverordninga av 2002 inneber at industrien skal ta imot alle norske presseple mot å få tollfri import på resten.

For nokre år sidan vart mestedelen av presseple nytta til konsentrat. Det vil seie at jusen vart innkokt til ein sirup som vart råvare for industrien. Etter kvart som marknaden for ferskpressa jus har auka og det har komme stadig fleire jusprodusentar til, er mengda som vert konsentrert, svært liten. Ferskpressa jus kan omsetjast til ein langt høgare pris i marknaden. Medan eple til konsentrat vart betalt med kr 2,45 per kg i 2007, vart det betalt opp mot kr 7,00 per kg for eple til ferskpressa jus. Eit viktig spørsmål vert då om ein skal oppretthalde konsentratproduksjon for å kunne ta unna overskotsvare i store avlingsår i framtida. Aller helst bør ein ha ein jamn årleg produksjon for at dette tilbodet skal halde fram.

Konsentrat produsert i Noreg kosta i 2007 kr 32,35 per kg levert norsk industri. Råvarekostnaden var kr 2,45 per kg eple, eller kr 19,60 per kg konsentrat. Prosessen med innkoking kosta kr 12,75 per kg konsentrat. Polen er ein stor produsent av eplekonsentrat. Både råvare- og foredlingskostnader er høgare i Noreg enn i Polen. Prisane på konsentrat frå Polen har vore om lag kr 19,20 per kg konsentrat. Konsentrat frå Kina kosta kr 10,80 per kg før toll i 2007.

I kjølvatnet av jordbruksoppgjæret 2007 vart det avgjort å gå vidare md ei utgreiing for å vurdere om det var mogeleg å auke epleproduksjonen til industriell foredling. Utgreiinga tok utgangspunkt i konserverordninga som er retta mot industrien. NILF og Bioforsk Vest Ullensvang fekk oppdraget av Statens landbruksforvaltning (SLF).

Sentrale problemstillingar reist frå oppdragsgjevar var:

- *Kva er nødvendig pris på industriple for å gje ei tilstrekkeleg satsing?*
- *Kva er eigna sortar og korleis er tilgangen av plantemateriale?*
- *Korleis kan produksjonen organiserast slik at dyrkarar og industri får tilstrekkeleg langsiktige og stabile vilkår?*

---

<sup>5</sup> Kjelde: E. Vangdal, T. Haukås og R. Ommedal: Vurdering av produksjon av eple til industri. NILF -notat 2008: 23

NILF har sett på ein del sentrale spørsmål knytt til økonomi opp mot primærprodusenten. Bioforsk vurderte dei produksjonstekniske sidene ved produksjonen, som val av sortar, plantesystem, grunnstammer etc. Saman med NILF vurderte Bioforsk organisering og opplegg for oppstart av ein eventuell ny produksjon av eple til industrien.

## 5.2 Sortsval og plantemateriale

Den ideelle eplesorten for dyrking til industri, må oppfylle ein del viktige kriterium. Ein ønskjer sortar med høg og jamn årleg avling (lite tilbøyeleg til vekselbering), lite utsett for sjukdomar og skadedyr, eple med høgt sukkerinnhald, eple med middels til lågt syreinnhald og det må vera tilgjengeleg plantemateriale av sorten.

Under føresetnaden av at ein skal ha ei rask satsing, må ein satsa på dei sortane vi dyrkar i Noreg i dag. Mest aktuelle er då Aroma eller Raud Aroma, Gul eller Raud Gravenstein, James Grieve, Discovery og Elstar.

Det er allereie stor mangel på grunnstammer og tre til tradisjonell fruktdyrking. Det er ønskjeleg med 6 000 dekar ny eplehage med 400 000 tre for ei satsing for industriproduksjon. Til fornying av eksisterande frukthagar for produksjon til konsum trengst det årleg 150–200 000 tre. Produksjonen av norske grunnstammer har dei siste åra vore i underkant av 100 000 stammer.

Sjølv om det vert satsa på å auke produksjonen av norske grunnstammer, kan tilgangen på grunnstammer bli ein falskehals for framtidig satsing på produksjon av eple til industri. Det er i dag ikkje høve til å importere grunnstammer på grunn av fare for sjukdom. Det er heller ikkje råd å skaffe dei ønska kvalitetane av grunnstammer i så store mengder om ein skulle få dispensasjon til å importere. Det vil truleg ta 3–5 år før ein kan skaffa nok tre.

Haustingslinje er avgjerande for kostnaden ved innhausting. Maskinhausta frukt vil vera så skadd at ho må pressast og konsentrerast innan 4 dagar. Dermed vil produksjonssesongen vera frå dei fyrste epla er mogne kring 10. september til kring 20. oktober, og innkokingskapasiteten vil verta ein flaskehals. Ved handhausting får ein ei vare som kan lagrast i fleire månader, og produksjonsperioden kan gjerast 3–4 gonger lengre (t.d. ut januar). Dermed vil det vere vesentleg mindre trong for investeringar i industrien.

## 5.3 Organisering

Ei større satsing på epleproduksjon til industri krev kontrakt dyrking mellom produsent og industri. Det er viktig at kontrakten gjer det klart at heile kvantumet skal gå til industri. Dersom større deler av denne epleproduksjonen kjem ut på konsummarknaden, kan dette få store konsekvensar for epleprisane til produsentar av konsumeple. Kontraktane må vere langsiktige i og med det lange omløpet for kulturen. Organisering av produksjonen kan skje på ulike måtar, anten ved entreprenørdrift eller ved at bøndene driv produksjonen sjølve i ulik grad.

For å oppnå ei effektiv satsing er det trong for store einsarta hagar. Område i Telemark, Vestfold og Buskerud kan vere aktuelle. Det finst òg truleg areal i Østfold, men her er fruktdyrkarmiljøet tynt. Det vil vera større sjanse for å få ei vellukka satsing nær område der det er aktiv tradisjonell fruktdyrking.

For produksjon til ferskpressa jus må ein ta omsyn til at fleire av produkta er geografiske merkenamn (Hardangerjuice, Sognajus). Noko av produksjonsauken må difor leggjast til desse områda. Sjølv om det er lite areal tilgjengeleg, finst det område både i dei

midtre og indre delane av Hardanger og Sogn som kan nyttast. Dette må vera handhausta vare, og ein er ikkje så avhengig av store samanhengande og lett drivne areal.

## 5.4 Nødvendig pris til produsent

For å kunne svare på kva som er nødvendig pris til produsent for å få ei satsing, vart det laga ein modell som viser kva kilopris som er nødvendig for å ha ei tilfredsstillande lønsemd i produksjonen. Det vart rekna på produsentpris etter to ulike føresetnader – maskinhausting og handhausting av epla. For dei to alternativa var det ulike føresetnader med tanke på dyrkingssystem. Maskinhausting krev meir robuste grunnstammer som gjev kraftigare tre og dermed færre tre per dekar. Det tek då lengre tid før ein får store avlingar på feltet, men ein kan ha trea i produksjon over ein lengre periode. For handhausting vil moderne tettplantingar med svaktveksande grunnstammer gje rask og stor avling, og dyrkingssystemet som er valt, er det same som er tilrådd for konsumeproduksjon.

Produsenten må ha ein utbetalingspris på knapt 5 kr per kg for eple til industri dersom det vert satsa på større felt som vert hausta med maskin. Skal det haustast for hand, må produsentprisen over kr 6 per kg for å få tilfredsstillande lønsemd i produksjonen. Hovudårsaka til denne skilnaden, er at det vert vesentleg lågare arbeidskostnader per kg ved maskinhausting.

Val av føresetnader er avgjerande for kva resultat ein får i modellering. For handhausting er det rekna med avlingsnivå på 1 800 kg per dekar, 250 tre per dekar, vel 150 kr per time for arbeid og 5 prosent rente på innsett kapital. Det er rekna eit omløp på 20 år for epleplantingane. For maskinhausting er tilsvarande føresetnader 1 500 kg per dekar, 67 tre per dekar, vel 150 kr per time for arbeid og 5 prosent rente på innsett kapital. Omløpet er på 25 år. Kostnadane for haustemaskina er fordelt på 960 dekar. Det medfører at maskina må delast mellom fleire produsentar. Ei halvering av arealet aukar kostnaden med 0,08 kr per kg.

